

Fjellhaug misjonshøgskole
Sinsenveien 15
0572 Oslo

Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep
0032 Oslo



Oslo, 31.10.2007

Høyring vedrørende NOU 2007:6 "Formål for framtida. Formål for barnehagen og opplæringen"

Fjellhaug Misjonshøgskole vil uttale følgjande vedrørende Bostadutvalet sitt forslag til nye formålsparagrafar for barnehagen og den allmenn opplæringa:

1. Verdigrunnlaget – bør det spesifiserast ved konkrete verdiar og dygder?

Når det gjeld verdigrunnlaget forslaget legg til grunn, legg vi merke til følgjande djuptgripande endring: Det dreier seg ikkje *generelt* om kristne og humanistiske verdiar slik verdigrunnlaget vert fastslege i *Læreplanverket, Generell del*. I staden framhevar ein dei fem verdiane og haldningane: (1) *respekt for menneskeverdet*, (2) *åndsfridom*, (3) *nestekjærleik*, (4) *likeverd* og (5) *solidaritet*.

Ein vil dermed naturleg nok spørje kva rom skulen bør gje for *andre* kristne og humanistiske verdiar som ikkje er nemnde, men som like gjerne kunne ha vore framheva. Det gjeld sentrale kristne og humanistiske haldningar som for eksempel nøysemd, flid, tolmød, truskap, rettferd, ærlegdom og høvisk framferd. Det er stor forskjell på å plukke ut og såleis framheve fem verdiar og haldningar, og det å legge *heile* den kristne og humanistiske tradisjonen sitt verdisett og sett av handlingar til grunn. Eit anna slags verdisett som også fell utanfor ved denne innsnevringa, er kulturelle verdiar som estetiske og kunstnariske verdiar, verdiar knytt til språk, til nedarva tradisjonar, sed og skikk, til helg og høgtidsfeiring og til ulike former for fagkunnskap og praktisk verksemd.

2. Det kristne og humanistiske verdigrunnlaget og "ulike religionar og livssyn"

Det neste ein må undre seg over, er at dei fem nemnde verdi- og haldningsuttrykka skal forståast ikkje berre slik dei kjem til uttrykk i kristen og humanistisk tradisjon, men også slik dei kan tolkast i *ulike religionar og livssyn*. Utvalet avdekkjer med dette ei naiv tru på at dei ulike religionane og sekulære livssyna stort sett er samde om korleis desse verdi- og haldningsuttrykka kan forståast. Men det er langt ifrå tilfelle. Korleis definerer kommunismen åndsfridom? Korleis er verdien likeverd å forstå innan tradisjonell hinduisme? Kven opptrer ein solidarisk med innan den naturalistiske livssynstradisjonen?

Det heiter mot slutten av utvalet sitt forslag at «Elevane skal lære å ... handle etisk» Men kva dette kan bety, vert altfor uklart og svevande dersom ein ikkje kan fastslå spesifikt kva tradisjon, religion eller livssyn etikken skal forankrast i.

Utvalet framhevar altså eit innhaldslaust «handle etisk» som ein spesifiserer til fem verdi- og haldningsuttrykk som ein forstår som grunnleggjande. Så vil ein la einkvar tolke desse uttrykka utifrå den livssynsmessige ståstad den enkelte måtte føretrakkje.

I staden bør ein gjere som det er gjort i *Generell del* for læreplanane i grunnskulen og den vidaregåande opplæringa. Konkret betyr dette at følgjande formulering frå *Generell del* bør fastslå verdigrunnlaget som opplæringa bør bygge på: «Oppfostringa skal tuftast på grunnleggjande kristne og humanistiske verdiar, og bere vidare og byggje ut kulturarven» (*Generell del*, side 7). I tillegg til oppfostringa er det naturleg å legge til «opplæringa»: «Oppfostringa og opplæringa skal tuftast på» *Generell del* skal dessutan framleis reknast som gjeldande. Med «oppfostring» forstår vi det same som «oppseding».

3. Forståinga av «humanistisk»

Det er elles viktig å merke seg at «humanistisk tradisjon» må forståast slik det vart tolka av Kyrkje- og undervisningskomiteen under Stortinget si handsaming av M87: «... humanismen skal forstås med utgangspunkt i den brede kulturtradisjonen som humanismen representerer». Det vart også understreka at «verdier forankret i humanismen er i samsvar med verdier forankret i kristendommen». Dette betyr at «humanistisk tradisjon» framleis må sikte til den klassiske dannelseshumanismen. Det er altså tale om ein kristen tradisjon som samstundes gjev rom for verdiar frå den breiare humanismetradisjonen. Konkret dreier det seg mellom anna om det syn at det er kristeleg akseptabelt og ønskjeleg å inkludere allmenne fag i skulen og tillegge dei ein sjølvstendig verdi. Ein godtek også at alle har rett til å uttrykke og følge si overtyding innan dei grensene menneskerettane trekkjer opp.

4. Foreldreretten

Derneft vil vi spørje om ikkje foreldreretten er blitt svekka i forslaget? Skulen skal samarbeide med heimen heiter det i siste punktet. Men dette er ikkje det same som at skulen si *oppseding skal gå føre seg i forståing og samarbeid med heimen*, slik det er uttrykt i gjeldande formålsparagraf. Det er viktig å fasthalde, i samsvar med menneskerettane og kristen tradisjon, at foreldra har det overordna pedagogiske mandatet. Jmfør følgjande FN-dokument som Noreg er forplikta på: *Fråsegna om dei universelle menneskerettane*, artikkel 26. *Den internasjonale pakta om sivile og politiske rettar*, artikkel 18, § 4. *Konvensjonen om barnerettane*, artikkel 5. *Erklæringa om eliminering av alle former for intoleranse og diskriminering basert på religion eller tru*, artikkel 5, § 1.

Det overordna perspektivet må vere at det er *i forståing og samarbeid med heimen* at skulen skal bidra til oppsedinga og opplæringa av elevane. Med dette perspektivet tek ein omsyn til det som dei nemnde menneskerettsvedtektene seier om foreldreretten. Formålsparagrafen må derfor tydeleg signalisere at skulen skal respektere foreldra sitt primære ansvar for oppsedinga og opplæringa. Dette er avgjerande viktig dersom ein skal kunne oppretthalde foreldra si tillit til ein felles, offentleg skule. I utvalet sitt forslag til ny formålsparagraf for barnehagen, kjem dette klart fram.

Vi vil også tilrå at «heimen» heller ikkje vert kutta ut i første setninga i det andre avsnittet i forslaget til ny formålsparagraf, men får høyre med som i den gjeldande formålsparagrafen. Setninga vil då lyde: *Elevane skal utvikle kunnskap, dugleik og holdningar for å kunne meistre liva sine og for å kunne delta i arbeid og i fellesskap i heimen og i samfunnet.*

5. Ikkje berre opplæring, men også oppseding/oppfostring

Heilt frå grunnskulen fekk sin første formålsparagraf i 1848, har *oppseding* vore inkludert som ei hovudoppgåve for skulen. Bostadutvalet føreslår å inkludere ordet «danning» i formålsparagrafen for barnehagen. Vi ser like gjerne at ein brukar det kjende ordet oppseding (oppdragelse) eller oppfostring (brukt i *Generell del*). I alle fall bør ein ikkje kutte ut dette elementet som har hatt sin plass i føremålsparagrafen frå den første utgåva vart til, og som dei fleste lærarar i grunnskulen uansett vil kjenne ansvar for.

6. Samanfattande om formålsparagrafen for allmennopplæringa

I gjengjevinga av Bostadutvalet sitt forslag til ny formålsparagraf for opplæringa – ny § 1-2 i Opplæringslova, er det vi ønskjer utelate eller endra, understreka.

Opplæringa i skole og lærebedrift skal opne dører mot verda og framtida og gi elevane historisk og kulturell innsikt. Ho skal byggja på respekt for menneskeverdet, på åndsfridom, nestekjærleik, likeverd og solidaritet, slik desse grunnleggjande verdiane kjem til uttrykk i kristen og humanistisk tradisjon, i ulike religionar og livssyn, og slik dei er forankra i menneskerettane. Opplæringa skal fremje demokrati, likestilling og vitskapleg tenkjemåte.

Elevane skal utvikle kunnskap, dugleik og holdningar for å kunne meistre liva sine og for å kunne delta i arbeid og i fellesskap i samfunnet. Dei skal få utfalde skaparglede, engasjement og utforskartrong. Elevane skal lære å tenkje kritisk, handle etisk og ta økologisk ansvar. Dei skal ha medansvar og høve til medverknad.

Skolen og lærebedrifta skal møte elevane med tillit og krav, og gi dei utfordringar som fremjar danning og lærelyst. Alle former for diskriminering skal motarbeidast.

Skolen skal samarbeide med heimen.

Dersom ein tek omsyn til dei kritiske merknadene denne høyringsuttalen har lagt fram, vil forslaget måtte justerast for eksempel slik (Det som er understreka i Bostadutvalet sitt forslag ovanfor, er utelate i forslaget nedanfor. Det som er understreka i forslaget nedanfor, er nytt i høve til Bostadutvalet sitt forslag):

Oppsedinga og opplæringa i skole og lærebedrift skal i forståing og samarbeid med heimen opne dører mot verda og framtida og gi elevane historisk og kulturell innsikt. Den skal tuftast på grunnleggjande kristne og humanistiske verdiar, og bere vidare og byggje ut kulturarven. Opplæringa skal fremje demokrati, likestilling og vitskapleg tenkjemåte.

Elevane skal utvikle kunnskap, dugleik og holdningar for å kunne meistre liva sine og for å kunne delta i arbeid og i fellesskap i heimen og i samfunnet. Dei skal få utfalde skaparglede, engasjement og utforskartrong. Elevane skal lære å tenkje kritisk, handle etisk og ta økologisk ansvar. Dei skal ha medansvar og høve til medverknad.

Skolen og lærebedrifta skal møte elevane med tillit og krav, og gi dei utfordringar som fremjar danning og lærelyst. Alle former for diskriminering skal motarbeidast.

Med dette forslaget vil ein unngå ein formålsparagraf som på uklart vis gjev uttrykk for andre tankar om verdigrunnlaget enn *Generell del* for læreplanane. Lærarutdannarane vil dermed sleppe å måtte påpeike at formålsparagrafen og *Generell del* spriker med omsyn til det verdigrunnlaget opplæringa skal vere tufta på.

7. Formålsparagrafen for barnehagen

I Bostadutvalet sitt forslag til ny formålsparagraf for barnehagen er det brukt dei same formuleringane om verdigrunnlaget som i forslaget til ny formålsparagraf for den allmenne opplæringa. Vi er samde i at setningane om verdigrunnlaget vert formulerte likelydande i dei to paragrafane. Derfor føreslår vi her same endring som vi har føreslått vedrørande verdigrunnlaget i formålsparagrafen for den allmenne opplæringa.

8. Private barnehagar

Privatskulelova har vedtekter som sikrar retten til å etablere og drive skular med eit anna verdigrunnlag og formål enn dei offentlege. Tilsvarende vedtekter er tekne inn i gjeldande barnehagelov. Løysinga som er valt der, er formuleringa: «Eiere av private barnehager kan i vedtektene bestemme at andre ledd ikke skal gjelde. Private barnehager og barnehager drevet av menigheter innen Den norske kirke kan i vedtektene fastsette særlige bestemmelser om livssynsformål» (§ 1, tredje og fjerde ledd).

Vi meiner private barnehagar framleis må ha rett til å vedta eit alternativt verdigrunnlag og at Den norske kyrkja og andre eigarar må kunne vedta særskilte vedtekter vedrørande livssynsformål.

Helsing Fjellhaug Misjonshøgskole


Jan Ove Selstø
rektor